

Uttale frå planavdelinga – Søknad om arealoverføring og etablering av tomannsbustad, Gbnr 55/39

Saka gjeld søknad om arealoverføring mellom gbnr. 55/2 og gbnr. 55/39. Tiltaket krev søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet gjeve i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023. Planavdelinga ber om at landbruksavdelinga tar særskilt stilling til om ei slik arealoverføring er hensiktsmessig i forhold til drift av landbruksareala. Ut over dette har ikkje planavdelinga særskilt merknad til søknad om arealoverføring.

I tillegg er det søkt om dispensasjon og løyve til etablering av vertikal delt tomannsbustad i eit område som i gjeldande kommuneplan er avsett til LNF-område. Eigedom gbnr. 55/39 ligg delvis innanfor eit LNF-område med henssynssone landbruk. Det vert opplyst om at tomannsbustaden er søkt etablert på eigedom gbnr. 55/39, og at delar av tiltaket ligg på arealet som er søkt overført frå gbnr 55/2 til gbnr 55/39. Planavdelinga stiller seg kritisk til etablering av bustad i strid med kommuneplanen sin arealdel, og vil ikkje tilrå ei oppføring av omsøkt tomannsbustad.

Kommuneplanen sin arealdel er under rullering, og det vil no vere mogleg å kome med arealinnspeil til dette planarbeidet.